



A wide-angle photograph of a lake at sunset. The sky is filled with dramatic, orange and yellow clouds reflected in the calm water. In the foreground, several small wooden boats are moored at a dock. The background shows the silhouettes of forested hills and mountains against the bright sky.

**Tilskotsordningar for kultur, idrett-  
og nærmiljøtiltak**

# Tilskotsordningar for kultur-, idrett- og nærmiljøtiltak i Suldal kommune

## Revidert 2023

Suldal kommune har følgjande tilskotsordningar:

1. Starttilskot
2. Driftstilskot - generelt
3. Kurstilskot leiar-, trenar- eller instruktørropplæring og NM-deltaking
4. Tilskot til nærmiljøtiltak
5. Tilskot til drift og vedlikehald av forsamlingshus
6. Tilskot til idrettsanlegg og spelemiddelprosjekt
7. Tilskot til husleige
8. Tilskot til dekking av underskot ved kulturarrangement
9. Tilskotsordningar gjennom grendeutvala til arrangement og rusfrie tiltak
10. Følgjekort

## GENERELT

### Kven kan få tilskot?

Alle foreiningar, lag og klubbar som driv med byggjande og aktiviserande kulturarbeid i Suldal kommune i tråd med føremålsparagrafen for laget, kan få tilskot.

Tilskota har som siktemål å stimulera aktiviteten innan foreningslivet. Det er eit særleg mål at alle grupper av befolkninga får eit reelt tilbod om aktivisering i si fritid og ein vil difor ta særskilt omsyn til aktiviseringstiltak når tilskot skal fordelast.

Det vert stilt følgjande krav for at ein organisasjon skal få tilskot:

- Organisasjonen skal yta ein eigeninnsats på minimum kr 100 pr medlem/deltakar pr år. For vaksne over 25 år er eigeninnsatsen kr 200.

Unntak kan gjerast i spesielle tilfelle.

### Kven får ikkje tilskot?

Unntatt ovannemnde reglar er:

- a) Foreiningar som vert drivne på forretningsmessig basis
- b) Organisasjonar som har til oppgåve å ivareta medlemene sine yrkesmessige interesser, her under aktivitetar knytt til bedrifter.
- c) Organisasjonar og institusjonar som primært arbeider for medlemene sine politiske, ideologiske eller religiøse eigeninteresser.
- d) Paraplyorganisasjonar med medlemslag frå fleire kommunar.
- e) Organisasjonar som arbeider aksjonsprega, eller der organisasjonen kan forventast å ha relativt kort levetid.

Organisasjonane under punkt b og c kan søkje tilskot til barne- og ungdomsarbeid (ikkje konfirmasjonsundervisning) for medlemer under 19 år.

## SAKSHANDSAMING

Alle søknadar skal skrivast på eige digitalt skjema og blir handsama etter vanlege prosedyrar. Søknadsskjema finn du på [suldal.kommune.no](http://suldal.kommune.no)

Suldal kommune har til ei kvar tid rett til å undersøkje om grunnlaget for tilskot er til stades, og korleis tilskotet vert brukt.

Alle lag og organisasjonar som mottar tilskot frå Suldal kommune, pliktar å akseptere følgjekort-ordninga. Dette betyr betalingsfritak for følgjeperson til person med sjukdom eller nedsett funksjonsevne ved arrangement i regi av lag og organisasjonar.

Tilskot som blir utbetalt på feilaktige premisser medfører tilbakebetalingsansvar.

## FRAMDRIFTSPLAN

- |                   |  |
|-------------------|--|
| <b>1. februar</b> | Kulturmidlane vert annonsert i ulike kanalar         |
| <b>1. mars</b>    | Søknadsfrist hovudfordelinga                         |
| <b>15. mars</b>   | Tilbakemelding ved eventuelle manglar innan 14 dagar |
- Innan 25. juni:** **Utbetaling (dersom alle opplysningar er leverte og i orden)**
- 1. august:** Frist for innmelding av nye spelemiddelprosjekt som skal inn i budsjetthandsaminga

## OPPLYSNINGAR OM ANDRE KOMMUNALE TILSKOT

I søknaden skal det opplysast om:

- alle kommunale tilskot siste år, type og storleik
- om det blir søkt om andre tilskot dette året, og frå kven

## ORGANISASJONAR MED UNDERAVDELINGAR

Søknadar frå underavdelingar/avdelingar/grupper, skal fremjast gjennom hovudstyret i prioritert rekkefølgje.

## FLEIRE SØKNADAR FRÅ SAME POST

Organisasjonar med fleire søknadar frå same post skal fremje søknadane frå hovudstyret i prioritert rekkefølgje.

## AKTIVITETSPLAN

Lag og organisasjonar og forsamlingshus skal saman med søknaden om kulturmidlar levera inn ein aktivitetsplan slik at ein veit kva aktivitetar som er planlagde i løpet av året. Dette er med å danna grunnlaget for tildeling av kulturmidlar.

## SØKNADSFRIST

**Generelt har dei ulike tilskotsordningane søknadsfrist 1. mars kvart år.**

Tilskotsordningar med andre søknadsfristar blir nemnd særskilt under kvar ordning.

## INNDRAGING AV TILSKOT

Tildelt tilskot blir inndrege om det ikkje er nytta innan to år etter tildelingsdato. Det må søkjast om utsetjing før fristen for bruk er ute, og leggja fram ein tidsplan for dette.

## KLAGE PÅ VEDTAK

Ved klage på enkeltvedtak gjort av hovudutval, einingsleiar eller deira underordna etter delegasjon, skal klagen setjast fram for vedkomande hovudutval som saksområdet høyrer inn under.

## NÆRARE OMTALE AV DEI ULIKE TILSKOTSORDNINGANE

### 1. Starttilskot

#### **Føremål**

Ved etablering av lag og organisasjoner kan det ytast eit tilskot på inntil kr 5 000.

#### **Føresetnad for tilskot**

Sjå dei generelle reglane.

#### **Søknaden**

Søknaden skal skrivast på eige digitalt skjema og skal ha vedlagt:

- Medlemsliste/deltakarliste
- Referat frå stiftingsmøte som syner føremål, aktivitetar, program og arbeidsform

**Denne tilskotsordninga kan søkjast heile året.**

### 2. Driftstilskot

#### **Føremål**

Dette tilskotet skal gi midlar til lag og organisasjoner si ordinære drift. Som utgifter til ordinær drift meiner ein mellom anna utgifter til utstyr og materiell som trengst til aktivitetane, administrasjonsutgifter, reiseutgifter med meir.

Til grunn for vurderinga legg ein organisasjonen sin storleik og art, aktivitetsnivå, tal på betalande medlemer, laget sin eigeninnsats og laget sitt kapitalbehov. Vidare vurderer ein dei eventuelle andre ytingane laget får frå Suldal kommune. Lag og organisasjoner som engasjerer barn og unge, skal prioriterast.

#### **Føresetnad for tilskot:**

Sjå dei generelle reglane.

#### **Søknaden**

Søknaden skal skrivast på eige skjema, og følgjande skal leggast ved:

- Årsrapport frå føregåande år
- Revidert rekneskapsutdrag frå føregåande år
- Budsjett for inneverande år
- Aktivitetsplan

Organisasjonar som mottar driftstilskot frå andre offentlege etatar; stat, fylkeskommune, andre kommunale postar, kan få redusert tilskot frå denne tilskotsordninga.

Lag og organisasjoner som er oppretta regionalt, kan få kommunalt tilskot etter talet på medlemer som er heimehøyrande i Suldal.

### 3. Kurstilskot til leiar-, trenar- eller instruktøroplæring Deltakartilskot NM eller tilsvarende meisterskap

#### Føremål

Det kan ytast tilskot til kurs og konferansar som gjeld leiar- og instruktøroplæring.

Det blir berre gitt tilskot til deltakarar frå lag som er registrerte i Suldal kommune. Søknad skal fremjast av laget si lokalavdeling i kommunen.

Det blir ikkje gitt tilskot til årsmøte, landsmøte, leirverksemd, treningsleirar og liknande. Kurs som vil kunna gi deltakarane auka yrkesmessig kompetanse på grunnlag av kurset, får *ikkje* tilskot.

#### Føresetnad for tilskot

Organisasjonane skal så langt det er råd søkja om tilskot til kurs etter lov om vaksenopplæring når dette er mogleg. For kurs på lokalplan der det blir ytt statstilskot etter vaksenopplæringslova blir det ikkje gitt kommunalt tilskot.

#### Retningslinjer for ulike kurstilskot:

- Korttids-/helgekurs**  
Til lokale kurs kan lag og organisasjonar ytast eit tilskot på *inntil* kr 200 pr deltakar, begrensa opp til kr 4 000. Det blir ikkje gitt høgare tilskot enn 50 % av nettoutgiftene (underskot) ved kurset. Kurset skal vera på minst 10 timer og ha minst 12 deltakarar. Det er berre arrangerande lag som kan søkja om tilskot til kurset.
- Kurs på fylkes-/kretsplan**  
Det kan ytast *inntil* 50 % dekning av reiseutgifter (etter billigaste reisemåte) og kursavgift for inntil 2 deltakarar frå same lag. Kurset skal vera på minst 2 dagar og minimum 10 timer undervisning. Tilskotssum er avgrensa til kr 1 000 pr deltakar. For deltakarar over 25 år er dekninga *inntil* 25 %.
- Kurs og konferansar på landsplan**  
Det kan ytast *inntil* 50 % dekning av reiseutgifter (etter billigaste reisemåte) og kursavgift for inntil 2 deltakarar frå same lag. Kurset skal vera på minimum 2 dagar og ha minst 12 timer undervisning. Tilskotet er avgrensa til kr 2 000 pr deltakar. For deltakarar over 25 år er dekninga *inntil* 25 %.

#### Søknaden

Søknaden skal skrivast på eige digitalt skjema, og følgjande må liggja ved søknaden:

- program
- deltakarliste
- rekneskap for kurset (bilag kan krevjast)

#### Deltakartilskot

Det kan ytast tilskot til deltaking på Noregsmeisterskap eller konkurransar tilsvarende dette. Tilskotet blir gitt til utøvaren, og blir innvilga med *inntil* 50 % dekking av reise, overnattingsutgifter og deltakaravgift etter billigaste måte for barn og unge. For deltakarar over 25 år er tilskotet *inntil* 25%.

Utøvar søker sjølv om tilskot, og må vera medlem i eit lokalt lag. Det er ikkje eige skjema for dette. Send søknad med spesifikk informasjon om meisterskapet og rekneskapoversikt. Bilag må liggja ved.

**Søknadsfrist er seinast 2 månadar etter avslutta kurs/deltaking.**

## 4. Tilskot til nærmiljøtiltak

### Føremål

Det kan søkjast om tilskot til nærmiljøtiltak. Med nærmiljøtiltak meiner ein mellom anna leikeplassar, løkker, akebakkar, friluftsanlegg, skateboardrampar og liknande.

Kjem tiltaket inn under ordninga for spelemidlane, må søknaden bli lagt inn som eit spelemiddelanlegg på [idrettsanlegg.no](http://idrettsanlegg.no)

### Føresetnad for tilskot

For å få tilskot krev ein følgjande:

- anlegget skal vera tilgjengeleg for alle
- søker må visa til finansieringsplan med definert eigenandel
- søker må eiga arealet eller ha disposisjonsrett over dette
- plan for leikeplass og utstyr skal vera godkjent av Teknisk drift i kommunen

Alle nærmiljøanlegg skal ha ein eigenandel. Dugnadsinnsats kan gå inn i dette. For spelemiddelprosjekt utgjer spelemidlane inntil 50 % av kostnaden, resten blir som hovudregel delt mellom søker og kommunen.

### Det blir ikkje ytt tilskot av denne posten til:

- kjøp av areal
- fartsdumpar, trafikk bom og liknande
- opparbeiding av trafikkareal (parkeringsområde, gangsti osv)
- leikeplassar på skular og i barnehagar
- idrettsanlegg

### Søknaden

Søknaden skal innehalde opplysningar om følgjande:

- eigedomstilhøve for arealet
- kart som viser kor anlegget ligg
- teikning/skisse
- kostnadsoverslag og finansieringsplan

**Søknad om nærmiljømidlar har generell søknadsfrist 1. mars. For anlegg som oppfyller krav som spelemiddelanlegg er søknadsfristen 15. september.**

## 5. Tilskot til forsamlingshus – drift og enkelt vedlikehald

Gjennom desse tilskotsmidlane kan det søkjast om driftstilskot og tilskot til mindre reparasjonar og utstyr.

### Plan for forsamlingshus ligg til grunn for prioriteringane

I dette ligg at *eitt* utvald grende-/samfunnshus og *eitt* bedehus i kvar skulekrins skal prioritera

Det er ikkje lenger tilskot gjennom spelemidlane til nye kulturbrygg som grende- og samfunnshus eller til større rehabiliteringar i eksisterande hus. Nye hus, større ombyggingar og oppgraderingar må komma som søknad i den ordinære budsjettprosessen i kommunen.

Søknad må innehalda kostnadsoverslag og finansieringsplan, teikningar og beskriving av behov og plan for drift og driftskostnader.

**Søknader til budsjettbehandlinga må vera inne 15. september.**

## 6. Tilskot til idrettsanlegg - spelemiddelanlegg

### Føremål

Det kan ytast tilskot til idrettsanlegg. Tilskotet gjeld både nybygg, påbygg, ombygging og rehabilitering. Det blir ikkje gitt tilskot til ordinært vedlikehald, eller skadar som skuldast manglende vedlikehald frå denne posten. Idrettsanlegg som vert spesielt utforma for sambruk, skal prioriterast.

### Føresetnad for tilskot

Det er ein føresetnad at anlegg som skal ha tilskot frå denne posten, oppfyller krav til spelemiddelanlegg. Krava til dokumentasjon er dei same som departementet til ei kvar tid set i samband med søknad om spelemidlar. Anlegget må inn i lista over spelemiddelanlegg i økonomiplanen for å bli godkjent som spelemiddelsøkjar.

Spelemidlane utgjer inntil ein tredel av kostnadsoverslag. Som hovudregel yter Suldal kommune ein tredel, og den siste tredelen skal dekkast av søker. Dugnadsinnsats går inn i dette. Suldal kommune sin tredel kjem ikkje til utbetaling før spelemiddelprosjektet er godkjent hjå fylket.

I større prosjekt der kommunen går inn med tilskot, er det ein føresetnad at det blir henta inn prisar frå fleire leverandørar på arbeid og leveransar over kr 100 000.

### Søknaden

Vedlagt søknaden skal følgja:

- Kostnadsoverslag
- Finansieringsplan
- Teikningar og skisser
- Bruksplan
- Reglar for utleige
- Kopi av tinglyst skøyte eller leigekontrakt (minimum 40 år).

Søknaden skal sendast via [idrettsanlegg.no](http://idrettsanlegg.no) innan 15. september for vidare prioritering i idrettsrådet. Vedtaket frå rådet går vidare inn i kommunens budsjettarbeid.

## 7. Tilskot til husleige

### Føremål

Lag og foreiningar i kommunen får låna gratis lokale i kommunale bygg. Lag som av ein eller annan grunn ikkje får eller kan låna kommunale lokale, kan søkja om støtte til husleige.

### Føresetnad for tilskot

- Lokala skal berre nyttast til kulturarbeid. Det blir ikkje gitt stønad til leige av lokale til inntektsgivande aktivitetar
- Til bruk av eige hus, eller hus som er eigd av høgare ledd i eigen organisasjon, der det blir gitt kommunalt tilskot, blir det ikkje gitt huslegetilskot
- Det blir ikkje gitt tilskot til leige av lokale i private heimar eller tilsvarande private lokale

Tilskota blir gitt etterskotsvis. Barne- og ungdomsorganisasjonar kan få *inntil* 75 % av betalt husleige dekka, mens andre kan få *inntil* 25 % dekka. Berre dokumenterte utgifter blir godtatt som grunnlag for stønad.

## 8. Tilskot til dekking av underskot ved kulturarrangement

### Føremål

Det kan ytast tilskot til dekking av underskot ved kulturarrangement i Suldal kommune. Arrangementa skal vera opne for alle, ha eit kulturelt innhald og haldast innanfor Suldal kommune. Føremålet er å stimulera til produksjon av eit breitt spekter av arrangement i Suldal utan å måtte ta for stor økonomisk risiko. Arrangement for barn og rusfrie arrangement for unge blir prioriterte.

### Søknaden

Søknaden skal innehalda følgjande:

- Arrangør med namn på ansvarleg person
- Type arrangement
- Kor arrangementet skal haldast
- Budsjett (kostnadsoverslag og finansiering)
- Opplysningar om andre instansar det er søkt om midlar frå

### Etter at arrangementet er avhalde

Rekneskapsutdrag med krav om utbetaling av garantibeløp skal sendast til [postmottak@suldal.kommune.no](mailto:postmottak@suldal.kommune.no) seinast to månader etter at arrangementet er avhalde.

**Denne tilskotsordninga kan søkjast heile året.**

## 9. Tilskotsordningar gjennom grendeutvala

Grendeutvala har ansvar for tildeling av tilskot til kulturtiltak som har ein aktiviserande funksjon og som styrker det sosiale fellesskap i lokalmiljøet.

### Lokalt arrangements- og aktivitetstilskot og tilskot til rusfrie arrangement for barn- og unge

#### Føremål

Grendeutvala si rolle i tildelinga av kommunale kulturmidlar skal vera å stimulere lag og organisasjonar til å arrangera opne enkeltarrangement som styrker det sosiale fellesskapet i nærmiljøet, eller rusfrie tiltak for ungdom, først og fremst i helgene.

#### Retningslinjer

Alle frivillige lag og organisasjonar, idrettslag, musikkorps, velforeiningar, ungdomsgrupper og liknande kan søke. Tilskot til opne arrangement skal søkjast grendeutvalet i den greda arrangementet skal haldast.

**Søknad om tilskot skal sendast grendeutvalet i den aktuelle greda fortløpande.**

## 10. Følgjekort

Personar som er avhengige av følgje ved deltaking i kulturaktivitetar, kan søkja kommunen ved Organisasjon og innbyggjarkontakt om følgjekort. Følgjekortet stadfestar at vedkommande treng følgje. Ved å visa følgjekortet skal følgjet gå gratis. Eigaren av kortet betalar aktiviteten sjølv.

Følgjekortet kan nyttast ved følgjande aktivitetar:

- Ved alle kommunale aktivitetar/arrangement
- Ved aktivitetar/arrangement i regi av lag og organisasjonar som mottek kommunale midlar til kulturføremål
- Ved private kulturarrangement der kommunen inngår avtale om følgjekort-ordninga med arrangøren.

Følgjekortet gjeld ikkje ved deltaking på kurs, konferansar og liknande der arrangør vert påført urimeleg tap. Dette gjeld dersom følgje tek opp ein plass som ville vore nytta av ein fullt betalande deltakar.

### Søknad

Digitalt søknadsskjema, eller direkte kontakt med i kommunen. Følgjekortet er gyldig 4 år. Søknadane vert handsama administrativt. Alle følgjekort skal ha bilet av innehavar, og er ugyldig utan. Uttale frå lege eller annan kyndig person skal leggjast ved søknaden.

**Det kan søkjast om følgjekort heile året.**